



Org nr: 983 09 1539 MVA
Hella 60
5936 Manger
Mob Marius: 995 46 989
Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Tilleggsdokumentasjon for søknad på Gnr: 25 Bnr: 14 m.fl.

Syner til brev dagsett 09.08.2018 ang. trong for tilleggsdokumentasjon for byggjesak 25/14 m.fl.

Punkt 1.

Sjå vedlagte reviderte teikningar.

Punkt 2.

Jf. vedlagt dokument dagsett 01.03.1974 og muntlege beskrivelsar frå grunneigarar/rettighetshavarar i Hauglandsvågen om att veg og snuplass er betalt og opparbeidd i samsvar med dokumentet, drar eg konklusjonen om att veg omtrentleg ifrå gbnr: 25/97 og ned til og med snuplassen i Hauglandsvågen er oppført lovleg ein gang på midten/slutten av 1970 talet, til tross for att ein ikkje kan finne rett dokumentasjon på dette, noko som ikkje var unormalt på den tida, meg fortalt.

Veg frå Hauglandskrysset og fram til 25/97 er eldre enn 1961, som er dei tidligaste bileta eg har funne av området og må difor og ansjåast som lovleg.

For å ivareta ynskje om mest mogleg tradisjonell utforming på naustområdet vil tiltakshavarane gå vekk ifrå å lage parkeringsplass, og istaden nytte eksisterande veg og snuplass nemnt over til å frakte utstyr mm. til nausta men parkere på heime bruka, då desse er i gang/sykkel avstand.

I forhold til framtidige forhold er rettighet til naust forbeholdt gardsnummeret ikkje person, det er såleis ikkje høve til å skilje ifrå naust for sal slik att parkering ved framtidig høve vert problematisk. Ein kuttar såleis ut parkeringsplass frå søknaden.

Når det gjeld auka bruk av avkjørsle og søknad om dette til vegvesenet;

Bruk og tilkomst til naustområdet er dokumentert tilbake til slutten av 1800 talet for begge desse rettane, det har vore frakta utstyr mm. til området sidan den gang.

Sjølv om ein ikkje har hatt naust har det vore rett til sjøtilkomst og båtfeste som har vore jamnleg nytta.

Vegen som eg over har konkludert med att må vere lovleg oppført på midten/slutten av 1970 talet, er laga nettopp med tanke på tilkomst for dei som har rettigheter og har vore nytta til same formål i 40 år.

Sidan vegen for desse nausta sin del berre vert nytta til frakting av utstyr mm. og det jamne tråkket til naustet vil foregå med sykkel/til fots ser eg ikkje att det vert auka bruk i det heile, ser det difor ikkje naudsynt å søke vegvesenet om dette.

Sandane 03.09.2018


HAMMAR Hella 60
KAMERATANE AS 5936 Manger

Ansvarleg søkar: Marius Tenden
Hammar-Kameratane AS